

Møteplass med utgangspunkt i regionale koordinerande einingar – Delavtale mellom Selje kommune og Helse Førde HF.

Møteplass med utgangspunkt i regionale koordinerande einingar – Delavtale for kommunane, dei private rehabiliteringsinstitusjonane og spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane (Helse Førde HF sitt føretaksområde).

1.0 Bakgrunn

Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest blei oppretta i 2007 som ledd i Helse Vest si satsing på habilitering og rehabiliteringsfeltet. Etablering av kompetansesenteret var et prioritert tiltak i Regional plan for habilitering og rehabilitering (vedtatt av Styret i Helse Vest RHF i desember 2006).

Gjennom mandat frå Helse Vest RHF blei kompetansesenteret mellom anna tildelt funksjonen som regional koordinerande eining. Funksjonen til den regionale koordinerande eininga er forankra i Forskrift om habilitering og rehabilitering (2001). For å oppfylle funksjonen som regional koordinerande eining, har kompetansesenteret knytt til seg rådgjevarar med bindeleddsfunksjon i alle føretaka i Helseregion Vest.

I tråd med Forskrift om habilitering og rehabilitering, har den regionale koordinerande eininga opparbeidd oversikt over, og naudsynt kontakt med habiliterings- og rehabiliteringstenesta i kommunane (koordinerande einingar) og i spesialisthelsetenesta i Helseregion Vest. Oversikta utgjer eit kontaktnettverk.

Kkontaktnettverket skal ha ein Møteplass som skal være et forum for informasjon, erfaringsutveksling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering har utarbeidd retningslinje for møteplassen

2.0 Lover, faglege retningslinjer og andre styrande dokument som avtalen byggjer på.

Delavtalen om Møteplassar innan habilitering og rehabilitering med utgangspunkt i regional koordinerande eining, er ei konkretisering av retningslinja for Helse Førde HF sitt føretaksområde (Jfr. pkt. 1).

Møteplassen tar utgangspunkt i Forskrift om habilitering og rehabilitering, og er formelt forankra gjennom eiga retningslinje vedtatt av Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest.

Møteplassen vil vere ein del av dei formelle samarbeidsstrukturane mellom brukarorganisasjonane, kommunar og spesialisthelsetenesta (inkludert private rehabiliteringsinstitusjonar) i Sogn og Fjordane.

3.0 Foremål

Møteplassen skal vere ein arena for å styrke arbeidet for utvikling av, samarbeid om, og synleggjering av tenestetilboda innan habilitering og rehabilitering i fylket.

I retningslinja for Møteplassen har Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering lagt til grunn følgande mandat (Jfr. eiga retningslinje vedtatt i Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest).

1. *Kontaktnettverket skal ha ein fast Møteplass i kvart foretak/foretaksområde for dei som innehar koordinerende einingsfunksjon for habilitering og rehabilitering i kommunane og sjukehusa.*
2. *Møteplassen skal legge til rette for samhandling mellom koordinerende eining (KE) og aktuelle samarbeidspartnarar for utvikling innan habiliterings- og rehabiliteringsfelt.*
3. *Møteplassen skal legge til rette for erfarings- og informasjonsutveksling.*
4. *Møteplassen skal synleggjorast som ein del av samhandlingssystemet mellom kommunar, spesialisthelsetenesta, brukarorganisasjonar og andre relevante samarbeidspartnarar som har til oppgåve å styrke samanhengande tenestetilbod til pasientane. (sjå også under pkt Forankring side 3).*
5. *Møteplassen skal til en kvar tid være en aktiv part i det lokale og i det regionale arbeid for utvikling og synleggjoring av oppgaver innan fagområda.*
6. *Møteplassen vil være eit viktig utgangspunkt for å danne lokale og regionale fagnettverk. Regionalt kompetansesenter vil ta initiativ til etablering og drift av fagnettverk*